

Hyllestad Næringsråd

Referat frå møte i Styret for Hyllestad Reiselivslag

Møte nr 4.13

TILSTAD:

Styret:

- Marit Risnes (MR)
- Kvernsteinscenteret v/Torbjørn Løland (TL)
- Sylvi Sundgot (SS)
- Magnar Eide (ME)
- Mona Birkeland melde fråfall

- Prosjektleiari omstillingsorg : Joakim Systaddal (JS)

Kopi til:

- Kvernsteinscenteret v/Astrid Waage (AW)
- Leiari i Hyllestad Næringsråd Halvar Horne (HH)

STAD:

Kvernsteinscenteret på Hyllestad

TID:

Tysdag 23.04.13 – Kl 18:30 – 21.00

NESTE MØTE:

28.05.13, kl 18:30 - Kvernsteinscenteret

AGENDA:

ANSV

SAK

Alle

4.13.1 Referat
Ingen merknader til referat frå møte nr 3.13

ME

4.13.2 Styrearbeid

- Forslag til plan for styrearbeid.
- Forslag til mandat for reiselivslaget.
- Distribusjon av informasjon. Det er melding frå medlemmer som ynskjer meir informasjon.

VEDTAK:

Ein vel å vente på innhaldet i ny strategisk næringsplan for reiselivet før ein lagar forslag til plan for styrearbeid frametter.

ME drøfter forslag til mandat for reiselivslaget med leiari i næringsrådet. Når det gjeld distribusjon av informasjon frå reiselivslaget vert referata lagt ut på nettsida til næringsrådet samstundes som dei vert distribuert på epost til medlemmane.

Alle

4.13.3 Medlemsskap
HH har sendt oppdatert medlemsliste.
VEDTAK: Til orientering.

JS

4.13.4 Omstillingsarbeidet
JS orienterte:

Vandresamling i Kalvåg i regi av Fjordkysten: JS var der saman med Roar Nordbø. (sjå også epost frå JS 27.03.13 der det mellom anna ligg referat) Fjordkysten er svært interessert i turpakkar. Båttur kombinert med vandretur er satsingsområde.

Som eit testprosjekt på dette kan være båttur frå Eide til Porten og tur over Lifjellet til Lifjorden og Listraumen. Kan kombinerast med guiding (stølsdrift, geologi osv)

VEDTAK: JS tek initiativet til å få planlagt gjennomført tur i laupet av mai.

Synleggjering av næringslivet: Næringsrådet har sett i gong forstudie der tanken er å få laga eit infohefte om næringslivet. Her vil sjølvsagt reiselivsbedrifter kunne profilera seg også.

VEDTAK: Til orientering. Innspel her kan sendast til leiar for næringsrådet.

- JS 4.13.5 Stidugnadsgruppe
Sjå epost frå JS 02.04.13.
Spanande initiativ får JS om å starte ei stidugnadsgruppe i kommunen.
For å koma i gong kan det vere ei løysing å sjå dette i samanheng med saka ovanfor (tur over Lifjellet)
Sjå også stiprosjektet til Kystarven
(<https://www.facebook.com/pages/Kystarven/130966873586912>)
VEDTAK:
Til oppfylging
- MB 4.13.6 Merking av turløyper og skogrydding
Ikkje noko avgjersle når det gjeld søknaden til Gjensidige enno.
Fjelltrimgruppa monterer skilt fortløpande så langt ein har midlar.
VEDTAK:
Til orientering
- ME 3.13.7 Åfjorden rundt.
ME arbeider med å få gått opp løypa i 2 til 3 etappar i laupet av året.
JS anbefala kontakt med Egil Vold.
VEDTAK:
Til oppfylging
- ME 4.13.8 Initiativ frå Rolf Risnes
Rolf Risnes har teke initiativ til eit samarbeid om å arrangere turar i regionen.
Han refererer til særst god røynsle frå eiga oppleving i tilknytning til tur til kommunen med eiga bedrift i fjor.
Han har også knytt til seg eit reisebyrå i Oslo (Maxpulse) som evt kan stå som offisiell arrangør.
VEDTAK:
Til orientering. ME tek opp med Rolf Risnes om det kan vere ein ide å nytte initiativet til JS som testprosjekt i dette høve også.
- ME 3.13.9 Pilegrimsvandring
Kontakt med Irene Baug i høve til «kystpilegrimsleia» Sjå:
[http://www.sfi.no/cmssff/cmsspublish.nsf/\(\\$All\)/AFBF1AD8DA84D79DC1257B180062CA9A?OpenDocument](http://www.sfi.no/cmssff/cmsspublish.nsf/($All)/AFBF1AD8DA84D79DC1257B180062CA9A?OpenDocument)

ME har hatt kontakt med Irene Baug som stadfestar at Hyllestad og Kvernsteinsparken er inne i biletet når det gjeld aktuelle stader frå Sogn og Fjordane. Ho refererte også til tidlegare samtale med AW i Florø.
Forprosjektet går føre no.
VEDTAK:
Til orientering og oppfylging.
- Alle 4.13.10 Strategi reiseliv

Helge Møller arbeider med strategiplan for reiseliv som skal ligge føre før sommaren. Aktuelle innspel kan eventuelt sendast fram via reiselivslaget.

VEDTAK:

Til orientering

- JS 4.13.11 Marknadsføring
- Nettside
 - Facebook
 - Omtale i pressa
- Aktuelle tiltak vart drøfta:
Nettside: JS opprettar side under Næringsråde si.
Facebook: Vurderer dette på sikt.
Omtale i pressa: Aktuelle tur over Lifjellet (kfr ovanfor) kan vere eit prosjekt å få omtale på.
- VEDTAK:
Til orientering. JS fylgjer opp evnt presseomtale.
- Alle 4.13.12 Stopp for turistskip
Lisa Giil er ikkje lenger med i cruisegruppa.
Rune Thorsnes fylgjer opp arbeidet vidare.
- VEDTAK:
Til orientering.
- Alle 4.13.13 Samarbeid med Kvernsteinsparken
«Touch-skjerm» plassert i parken som fortel om aktiviteter og reiselivsaktørar i kommunen.
Det vert arbeid for at dette kan koma på plass på sikt.
- Ordna brosjyrestativ.
Kan evnt sjåast i samanheng med løysing når det gjeld brosjyre i butikk, kfr nedenfor.
- Initiativ til felles brosjyre vert til vidare oppfølging
- Arrangere kurs. TL orienterte om planlagt kurs til hausen i høvet til Geologiens dag (<http://www.geologi.no/geologiens-dag>) Etter kvart er det sær mange som har fatta interesse for dette tema.
- MB Skilt i Lavik, og på ferjene som viser vegen til Kvernsteinsparken.
MB tek dette initiativet vidare.
- VEDTAK:
Til orientering og oppfølging.
- AW 4.13.14 ERIH (European Route og Industrial Heritage)
Det er sendt ut informasjon om kompetansebyggingsprogrammet med oppmoding til å melde seg på.
- VEDTAK:
Til orientering.
- ME/MB 4.13.15 Brosjyre i butikk
Roar Nordbø har gjeve positiv tilbakemelding når det gjeld utplassering av brosjyre i ordna form i butikken. Refererer mellom anna til konsept som har vore drøfta i Jensbua.
- VEDTAK:

MB følger opp dei andre butikkane i kommunen.
ME tek kontakt med Jensbua vedr konsept.

- AW/TL 4.13.16 Hyllestadseminaret
TB orienterte om særskilt vellukka helg med 45 tilreisande frå heile landet.
Dette er med å setja Kvernsteinsparken på kartet.
VEDTAK:
Til orientering.
- 4.13.17 Via ferrata
MR tok opp igjen spørsmålet om få til ei Via ferrata rute i Lifjellet.
VEDTAK:
Midlar til Via ferrata bør vere på lik linje med dei andre turrutene i kommunen.
- JS JS sender MR info om lokal klatregruppe i Høyanger.
- Alle 4.13.18 Bærekraftig reisemål
ME la fram info om «Merket for bærekraftig reisemål»
Dette er eit kvalitetsstempel som reiselivsverksemdene bør merke seg og arbeide for å oppnå.
Sjå: <http://www.innovasjon norge.no/Reiseliv/Baerekraftig-reiseliv/Merket-for-baerekraftig-reisemaal/>
VEDTAK:
Til orientering.
- SS 4.13.18 Felles utsalgsstad for handverk
SS la fram forslag om at det burde vore ein felles stad for sal av lokalt handverk/kunst. Til dømes vart gamleskolen på Hyllestad nemnt.
VEDTAK:
SS følger opp saka vidare.

Magnar Eide
06.05.13